

V Sydvest med dyraste anbod

27.02.2010



Ronny Lakselv har det dyraste anboden- (Foto: Karl Petter Vårdal)

**Kommunen vedtok i fjor haust å gå vidare med TV- og internettoverføring av kommunestyremøta og torsdag skal saka opp i formannskaapet. Det Uskedalen-baserte TV Sydvest, som hadde prøvesendingar, er eitt av tre selskap som har kome med anbod, men ligg vesentleg høgare enn dei to andre.**

TV Sydvest ved Ronny Lakselv opererer med ein sum på 496.400 kroner medan Exess Extreme System Solution har eit anbod på 170.240 og Itum 108.500.

Dei tre har noko ulike løysingar og difor er dei ikkje heilt samanliknbare. Itum, som ligg klart lågast, tilbyr overføring til internett og lokal-TV. Det er ei løysing som Asker, Drammen, Skien, 14 andre kommunar og 4 fylkeskommunar nyttar seg av. Rådmannen går inn for at Kvinnherad skal forhandla vidare med dette selskapet.

Anboden skal gjelda for 3 år og alle kostnader ved produksjonen skal vera med i prisen. Seks firma kom med førespurnad og tre reagerte altså med å levera inn anbod før fristen.

Av Ola Matti Mathisen